



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1471-2

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Kommunestyre

Søknad om fritak frå politiske verv, Fredrik Palmork Haavelmoen og Sverre Haavelmoen

Saksframlegg godkjent 12.11.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Bakgrunn for saka

Fredrik Palmork Haavelmoen er valgt av kommunestyret som medlem av Rådet for menneske med funksjonsnedsetjing (RPF). Sverre Haavelmoen er vara for Fredrik - vald av kommunestyret.

Båe søker no om fritak frå 01.12.25 grunna planlagt flytting frå kommunen (til Trondheim).

Saksutgreiing

Rådet for menneske med funksjonsnedsetjing har 3 faste medlemer:

- Knut Våmartveit, leiar
- Anne Lise Andersen
- Fredrik Palmork Haavelmoen.

Varamedlemer er Sverre Haavelmoen og Hege Gjetmundsen.

Knut Våmartveit og Anne Lise Andersen er peika ut av interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetjing.

RPF er lovpålagt, og må ha minimum 3 medlemer, det bør også vere minimum 2 varamedlemer.

Konklusjon

Om Fredrik og Sverre får fritak må kommunestyret må velje nytt fast medlem og bør velje nytt varamedlem. Det er ingen andre krav til kommunestyret sitt medlem og varamedlem til RPF enn at dei er over 18 år.

Då det også til dette organet er krav om kjønnsbalanse på varamedlemslista bør erstattaren for Sverre vere mann.

Kommunedirektørens tilråding

Ingen framlegg til vedtak.